

# VINBLADET



Nr. 4 / 2021 / 34. årgang



**Vinter og frost**  
Når kulda tar vinen

**Øl til mat**  
Skreddersydde kombinasjoner

**Akevitt-alkymi**  
Drinker med livets vann

**Utgiver:**

Vinbladet er et gratis kundemagasin utgitt av AS Vinmonopolet

Postboks 6953  
St. Olavs plass, 0130 Oslo  
www.vinmonopolet.no  
Tlf: 22 01 50 00

**Ansvarlig redaktør:**

Tom R. Tyrihjell

**Redaktør:**

Marie Steffens

**Redaksjonen:**

Anne Enggrav, Andreas Ingul,  
Niclas Lundmark, Håkon Skurtveit  
og Anders Stueland

**Design:**

Dinamo

**Forsidefoto:**

Tania Malrechauffe on Unsplash

**Trykk:**

Kai Hansen Trykkeri AS  
Trykt på miljøvennlig papir  
Opplag: 85 000

**Korrektur og nynorsk oversettelse:**

Totaltekst AS

Ros, ris, innspill eller spørsmål kan sendes til: [vinbladet@vinmonopolet.no](mailto:vinbladet@vinmonopolet.no)

Redaksjonen har ikke ansvar for ubestilt materiale.



Vinmonopolet er akkreditert for sensorisk kvalitetstest av øl, vin, brennevin, fruktmost og juice.

**Henvendelser om abonnement:**  
**[www.vinmonopolet.no](http://www.vinmonopolet.no) eller**  
**[kundesenter@vinmonopolet.no](mailto:kundesenter@vinmonopolet.no)**

## Tid for å se framover

Nå når samfunnet er åpnet igjen etter koronaen, er tiden inne for å rette blikket framover. Hva har vi lært? Hvordan har pandemien forandret oss, og hva tar vi med oss videre?

For oss i Vinmonopolet står samfunnsoppdraget og ansvarlig salg helt sentralt. Vi skal ikke selge til mindreårige eller til folk som er beruset, og vi skal forhindre langing av alkohol. Slik bidrar vi til å redusere skadevirkningene av alkohol – for samfunnet og den enkelte. Dette er noe vi kan, men vi skal fortsette å forbedre oss.

**Gode kundeopplevelser**

Det er også noen områder der vi vet kundene forventer at vi skal ta nye, store løft. Det første handler om at vi skal være en faghandel i verdensklasse. De ansattes fagkunnskap og det at de er tilgjengelige for kundene, er Vinmonopolets viktigste kapital. For å kunne lykkes må vi sørge for en rask og effektiv kundereise samtidig som vi har nok tid og nødvendig kunnskap til å gi kundene den veiledningen de trenger. Vi vil forbedre oss, for eksempel gjennom å inspirere kundene til å smake nye produkter og å gjøre det enklere for dem å kommunisere om egne smakspreferanser.

Samspillet mellom butikk og nett blir viktig. I koronaperioden hadde vi godt over 1,3 millioner kundeordrer over nett. Det tilsvarer en vekst på hele 222 prosent. Vi tror nettet vil være en betydelig kanal for oss også i tiden framover.

**Hjelp til å ta bærekraftige valg**

Vi har også mål om at Vinmonopolet skal være en foregangs- virksomhet innenfor bærekraft. Det betyr at vi skal drive vår egen virksomhet etter de høyeste standardene for bærekraft, og at vi skal være en pådriver på dette området.

Kundeundersøkelsene våre viser at særlig yngre generasjoner forventer at vi skal ha oppmerksomhet på klima, miljø og anstendige arbeidsforhold. Selv om ikke alle ønsker informasjon om bærekraft, vet vi at interessen for dette er økende. På samme måte som de ansatte er gode til å begeistre og inspirere faglig, vil vi tilby og inspirere til å velge gode og bærekraftige produkter. Slik kan vi legge til rette for at kunder som ønsker det, kan ta bærekraftige valg hos oss.



Elisabeth Hunter  
administrerende direktør

# 6

## Vinteren kommer

Her kan du lese om kulde, frost og is – og om den perfekte isbiten. Hva er egentlig frost, og hva skjer med mat, vin og vindruer som fryser?



# 16

## Akevittdrinker

Akevitt er ikke bare noe vi drikker til julematen. Som moderne alkymister gjør dagens bartendere det norske tradisjonsbrennevinet om til gull.



# 20

## Øl og mat i kombinasjon

Malt, humle og gjær preger forskjellige ølstiler i ulik grad. Her får du en helt ny modell for hvordan øl og mat kan kobles sammen.

# 32

## Frost i vinmarkene

Store deler av Europas vinområder ble rammet av frost i april. Hvordan påvirkes avlingen av vår frost, og hvordan har det gått?



# 36

## Bærekraftig emballasje

Den beste beholderen tar vare på produktet, er i ressurseffektiv og resirkulerbar og blir gjenvunnet til ny emballasje.

## LES OGSÅ

**4** Hvilken drue er jeg?

**34** Boknafisk

**38** Smått og godt






# Hvilken drue er jeg?

- 1** Jeg er lokal helt i Clare Valley i Australia og Finger Lakes i USA, men jeg hører hjemme i Europa.
- 2** Jeg modner sent, er ikke så glad i Syden og trives best i kjølig klima.
- 3** Også i Norge er det noen som eksperimenterer med meg.
- 4** Hvis jeg får henge ekstra lenge, helt til frosten kommer, så blir jeg isvin/eiswein.
- 5** Jeg er tydelig og aromatisk, hopper nærmest ut av glasset med aromaer av eple, sitrus og blomst. Men eikefat, det rører jeg nesten aldri.
- 6** Jeg liker best å lage vin alene og har til og med min egen flasketype.
- 7** Jeg er god som ung, men liker også å ligge lenge i kjelleren din.
- 8** Jeg er alltid syrlig, men kan være både slank og knusktørr, saftig og halvtørr, og intenst syndig og søt.
- 9** Tidligere hadde jeg et dårlig rykte som billig, klissete og søt, men i dag lager jeg noen av verdens beste viner.
- 10** Jeg elsker mat! Spesielt asiatisk mat som sushi og krydret thai, men også norsk tradisjonskost som ribbe og fårrikål.
- 11** Mine synonymer er Johannisberg, Klingenberg og Raisin du Rhin, men de hører du nesten aldri om.
- 12** Jeg kan utvikle aromaer som minner om gummistøvler eller diesel, det som ofte kalles petroleum.
- 13** Jeg er mest kjent som tysker, men er også viktig i Alsace, Østerrike og New Zealand.
- 14** Når jeg er tørr og av topp kvalitet, står det gjerne GG på etiketten min.
- 15** Mine bokstaver er ESNILIRG.

Svar: Riesling

# FROST





---

**Helvete er kaldt her nord. «Nord og ned», seier vi. Og det er ikkje så rart, for sprengkulde er skremmande. Men det kalde er òg fascinerande og vakkert. Frosten forvandler vatn til snø, is og rim og kan vere både ei forbanning og ei velsigning for vinen.**

**TEKST:** HÅKON SKURTVEIT, TOM R. TYRIHJELL, ANDERS STUELAND OG MARIE STEFFENS

**ILLUSTRASJON:** BJØRN BROCHMAN **FOTO:** GETTY IMAGES

---

---

## Korte dagar og låge temperaturar om hausten set i gang herdeprosessar i plantar og tre for at dei skal overleve vinterfrosen.

---

Det kling fint av isbitar i drinken som sklir over bardisken. Og issørpe er framleis den mest effektive metoden når ei flaske skal kjølast ned. Mens råvarene til Vinmonopolets produkt gror ute i sola, er det som oftast kveld når dei ferdige produkta kjem til målet, munnen.

Det ligg vel i menneskenaturen å leite etter samanhengar. Vi som er menneske i Vinmonopolet, finn alltid noko i verda utanfor som heng saman med produkta våre, og som dermed knyter oss til den same verda. Dette noko kan spenne frå sosiologi og historie til jordbruk og naturfag. Det er ikkje så nøye om det er nyttig, når det gir den gode kjensla av å forstå litt meir og å høyre til.

Innhaldet i flaskene du finn i hyllene våre, er resultatet av ei lang rekkje prosessar. Den aller første prosessen går føre seg ute i friluft der plantar gror for å bli kjelde til karbohydrat som kan fermenterast til alkohol. Det kan handle om stivelse frå korn og poteter eller sukker frå eple og druer. Klima og vêr spelar

alltid ei viktig rolle, og ofte er frosen ein faktor å rekne med – på godt og vondt. Vinterfrost kan vere til nytte for å luftte og reinse det øvste laget av jord. Frost er òg naudsynleg for å gjere ein del plantar og frø klare for spiring eller knoppskyting når våren kjem.

Med frost meiner vi temperaturar under 0 °C, som er grensa der vatn går frå flytande til fast form. Ved 100 °C kokar vatn, og går frå flytande form til gassform. Med andre ord er celsiuskalaen kalibrert etter eigenskapane til det viktigaste molekylet for liv på jorda, H<sub>2</sub>O, vatn. Fahrenheit-skalaen er meir kroppsfiksert: 0 °Fahrenheit betyr stillongs og lue for alle som skal ut, mens 100 °F er såpass høg feber at du skal halde deg heime.

Ein vinterdag med minus 20 klyp meg i kinnnet som ei vennleg påminning om at om eg vil leve, må eg kle meg godt og halde kroppen i rørsle. Kanskje det er dette hintet om døden som gjer at eg akkurat då kjenner meg frydefullt levande?

Ungdommar har til alle tider utfordra

kaldt vêr. Eg møter dei gjerne om morgonen, nonsjalant med jakka flagrande open, utan lue, utan vottar, med bar mage, høl i buksene, nakne anklar i skoa, gjerne toppa med eit gigantisk skjerf – som forresten er langt mindre absurd enn flosshatt og slips. Motar skal aldri vere fornuftige. Slik svarttrosten sit og syng og syng i timevis utan å trekkje pusten, demonstrerer tenåringen styrke og motstandsevne. Eg dregst meir mot å gå skitur i aude fjell. Der får eg den gode kjensla av å meistre tilhøva fordi eg kan knep som held kroppen varm. Sjølv sagt er frost vakkert når lufta glitrar av iskrystallar, døden er under kontroll og alle kinn er epleraude!

Kva har så dette med Vinmonopolet å gjere? Det kjem an på kor snevert vi definerer. Men vatn er jo hovudingrediensen i omtrent alle varene vi sel. Og nokre gonger er det sommar og varmt, og vi treng is rundt flasker eller i glaset for å kjøle ned. Slikt blir det naturfag av. Dessutan er det ei hovudoppgåve for Vinmonopo-





let å hindre at ungdommane våre spring rundt ute i kulda påverka av alkohol.

Ved minus 273 °C står alt stille. Alt er fast stoff. Ingen molekyl svirrar rundt. Kaldare blir det ikkje. Liv lever ikkje. Det er nesten like vanskeleg å tenkje på som uendeleg og ingenting.

Men for oss som er dyr og plantar på jorda, er det 0 °C som er viktig fordi det er grensa mellom vatn og is. Når vi puttar mat i frysaren, er det for å lamme øydeleggjande bakteriar og sopp ved å nekte dei vatn. I tillegg gjer låg temperatur at andre kjemiske prosessar i matvarene går seinare, slik som oksidering av feitt. Men kjemien stoppar ikkje opp, så har du år-gangsmakrell i frysaren, er han truleg harsk.

Eg synest det er fascinerande at vintergrøne tre kan halde ein fotosyntese gåande ned mot minus 5 °C. Korleis kan fotosyntesen spalte vatn dersom vatnet er is? Men planten narrar utruleg nok frosten ved å sørje for at det finst underkjølt vatn tilgjengeleg, altså vatn som ikkje frys sjølv om det er kjølt til under



0 °C. Blant anna blir det danna protein som gjer at iskrystallar ikkje veks inni cellene, og som gjer at fotosyntesen kan verke. Sukker kan òg beskytte noko mot frostskeidar, og der har du bakgrunnen for at poteter som frys, blir søte, slik òg tyttebær og rognebær kanskje blir litt søtare etter eit par frostnetter.

Korte dagar og låge temperaturar om hausten set i gang herdeprosessar i plantar og tre for at dei skal overleve vinterfrosen. Eit triks plantane bruker, er å la det meste av vatn piple ut av cellene, slik at iskrystallar blir danna mellom cellene og ikkje inni. Også vinplantar kan på

dette viset overleve strenge vintrar med -20 °C. Dersom frosten kjem overraskande før planten er herda om hausten, eller seint om våren, vil iskrystallar som blir danna inne i plantecellene, rive sund membranar og øydeleggje cellene. Derfor er vår frost etter knoppspretting alltid skummelt i vinmarker og andre frukthagar. Nye skot frå knoppar som skal bli til blomar, som skal bli til frukt med mykje søtleik, blir øydelagde av iskrystallar inne i plantecellene, og draumen om den perfekte frukthausten blir eit mareritt. Dette marerittet fekk ei mengd vinbønder i Europa oppleve i april i år.

# Frysesøta vin

Det er vinter, og druene heng framleis på vinplanten. Lenge heng dei, og søte er dei. Dei ventar på den første frostnatta, så dei kan bli til isvin.

Isvin er ein av dei klassiske dessertvinane som held på å forsvinne frå nokre vinregionar. Mens mange av dei andre dessertvinane smaker av tørka frukt, honning og sopp, har isvin ei intens ung fruktigheit og ei spenstig syrligheit.

I Tyskland, som har lengst tradisjon for å lage isvin, må temperaturen ned i minst sju minusgrader før druene til isvin kan haustast. I Ontario i Canada, verdas største produsent av isvin, er kravet minus åtte. Det trengst berre éi frostnatt. For nokre tiår sidan kom denne natta i november eller desember; no må vinbøndene ofte vente til januar eller inn i februar. Om druene ikkje frys før seint

på året eller over nyttår, er det stor fare for at dei røtnar eller blir etne av villsvin eller andre dyr. Bli frostnatta veldig kald, frys druene tvers igjennom, og det blir vanskeleg å presse noko saft ut av dei.

Tidlegare laga så godt som alle tyske kvalitetsprodusentar isvin. I dag er det berre eit fåtal. Å lage andre typar dessertvinar på tørka og/eller botrytiserte druer, som Trockenbeerenauslese og Beere-nauslese, er mindre risikabelt og betaler seg betre. Ikkje meir enn 5–10 prosent av druene som blir sette av til å bli til isvin, endar opp som det. Berre 2012 og 2015 har vore vellykka årgangar for isvin i Tyskland det siste tiåret.

Sjølv når frostnatta kjem, krev det mykje arbeid å forvandle dei frosne druene til den ettertrakta dessertvinen. Druene må haustast mens dei enno er frosne, men ikkje gjennomfrosne. Innhaustinga må gjerast i løpet av nokre timar tidleg på morgonen etter frostnatta. Det kan heller ikkje vere varme på i produksjonsanlegget. Dersom druene begynner å tine, blir dei vatna ut igjen. Dessutan trengst iskrySTALLANE for å «mjukne» drueskalet. Dette gjer det mogleg å trekkje ut maksimalt med aromastoff av skalet.

Resultatet er nokre sjeldne dropar med superkonsentrert, svært frisk, søt dessertvin med mykje fruktigheit.

## Søt vin eller dessertvin?

Søte vinar passar òg til annan mat enn dessertar, som ost og snacks. Til dessert tilrår vi vin som er minst like søt som desserten. Det vil som regel seie ein vin med 100 gram sukker eller meir, alt etter typen dessert. Derfor blir desse ekstra søte vinane ofte kalla for dessertvinar.

## Isvin til dessert

Fruktigheita og friskleiken i ein isvin er ein perfekt match til frukt- og kremdessertar, sorbé og is, sitronkake og gorgonzola dolce. Eller som ein spanande kontrast til dessertar som karamellpudding.

## Kryoekstraksjon – eller unaturleg hurtignedkjøling

Druer treng ikkje henge ute til vinteren kjem for å bli frosne. Dei kan òg leggjast

i kjølerom eller overrislast med flytande nitrogen. Metoden blir kalla for kryoekstraksjon (kryo = kulde, frost, is) og blir brukt til å skilje ut umodne druer, til å fjerne vatn frå utvatna druer eller, i nokre land der det er tillate, til produksjon av isvin. Denne metoden er ikkje tillaten i Tyskland, Austerrike, Canada og USA. I Frankrike bruker ein i nokre årgangar kryoekstraksjon til å lage den berømte søte vinen sauternes.

Prinsippet er basert på Raoult's lov om at frysepunktet blir senka når konsentrasjonen aukar. Dei mest modne druene, dei som er rikast på sukker, vil fryse seinare enn dei umodne druene og kan så skiljast frå desse.

Ved kryoekstraksjon blir druene frosne ned til langt under minus åtte grader. IskrySTALLANE gjennomhølar fruktkjøtet

og skalet på druene. Då er det lettare for mosten å «suge» ut smaks- og aromastoff frå drueskalet.

## Frysekonsentrering

Også øl og sider kan konsentrerast ved frysing. Frysekonsentrering er ein parallell til destillering. Ein utnyttar at vatn har høgare frysepunkt enn alkohol, tilsvarende destillering, der ein utnyttar at dei to har ulikt kokepunkt. Under nedkjøling av brygget vil vatnet danne iskrySTALLAR som ein kan sile frå slik at det som blir tilbake, har fått høgare alkoholinnhald i tillegg til meir søtleik, bitter-smak og aroma. Det er same prinsippet som når ein del av vatnet fryser i druer som skal bli isvin.



FOTO: TOMMY ANDRESEN

❶ Fruktigheita og friskeleiken i ein isvin er ein spanande kontrast til dessertar som karamellpudding.

❷ Det krev mykje arbeid å forvandle dei frosne druene til ettertrakta dessertvin. Resultatet er nokre sjeldne dropar med superkonsentrert, svært frisk, søt dessertvin med mykje fruktigheit.



### **Små flasker og høge prisar**

Å lage isvin er ein risikosport. Om det i det heile blir noko vin, er det i svært små mengder. Alle druene på ein vinplante gir normalt ei heilflaske vin. For isvin er det snakk om berre eit lite glas. Til gjengjeld er vinen svært konsentrert. Isvin blir derfor som regel tappa på små flasker heilt ned til 5 cl.

### **Kvar blir det laga?**

Dei største produsentane av isvin er Canada, Tyskland, USA og Austerrike. Det blir selt mykje isvin til Asia, og land som Kina og Japan produserer i aukande mengd isvin sjølve. Her i landet er det kaldt nok, og litt vindruer har vi begynt å produsere. Men enn så lenge er det eple og issider det går i.

### **Ice eller Eis?**

- icewine – engelsk
- Eiswein – tysk
- vin de glace – fransk

### **Dei beste druene**

Ein skal ha tjukt skal for å bli ei god isvin-drue, elles vil røten ta ein i løpet av seinhausten. Mykje aroma og godt med syre er òg verdsette eigenskapar. Riesling er den mest populære drua for isvin i Tyskland, Vidal i Canada. Her bruker ein òg Cabernet Franc til å lage ein raudrosa isvin.



# Test av frosen vin

Åh nei! Du gløymde vinen i bilen, og no er han frosen. Kan du drikke han, eller smaker han vondt? Vi har testa det for deg.

Vatn frys ved 0 grader, men sidan vin inneheld meir enn vatn, som alkohol, sukker, syre, salt og anna tørrstoff, må det vere kaldare før det blir danna is i vinflaska. Ein vin med 12,5 prosent alkohol vil danne iskrystallar rett før termometeret viser minus 6 grader. Det er vatnet som frys først. Det vil seie at iskrystallane i vinen i starten er nesten berre vatn. Det som framleis er i væskeform i flaska, har dermed fått høgare konsentrasjon av alkoholen etanol og tørrstoff. Om temperaturen held fram med å falle, vil meir og meir av vinen fryse.

Når vatn frys, tar det meir plass, og i ei flaske er det trongt. Etter kvart

vil noko gi etter, anten det er korken eller flaska, og då er det ingenting som held vinen på plass lenger. Det som ikkje er frosne, renn ut og ned i bilsetet eller på matta – om du er heldig.


Utover det upraktiske med ein vin som ikkje lenger er inne i flaska, er det uklart kva andre effektar nedfrysing har på vinen. Spør du verdsnett, får du ikkje eit eintydig svar. Somme meiner at vinen er øydelagd, andre meiner han har tapt seg litt, mens andre igjen hevdar at det spelar lita rolle.

Vin som frys, har ein tendens til å felle ut stoff på grunn av lågare temperatur og høgare konsentrasjon etter kvart

som det blir danna iskrystallar. Raudvinar kan danne eit mørkt botnfall, mens kvitvin kan ha noko som minner om små krystallar. For å få ein meir stabil vin er det mange vinprodusentar som lét vinen bli kjølt ned for å danne slik utfelling. Prosessane blir kalla kuldestabilisering, og det kan du lese meir om på side 39.

Spørsmålet er om det vinen mistar, påverkar smaken såpass at det er merkbart.

Vi har gjennomført ein test med fire av dei profesjonelle smakarane våre.



VS

## Slik gjorde vi det:

To vinar blei valde ut til forsøket. Den eine var ein tysk fruktig og syrleg kvitvin, mens den andre var ein chilensk raudvin. Felles for dei var at dei var ganske unge og ganske rimelege vinar, altså slike vinar som mange kjøper, og som har størst sjanse for å bli gløymde i bilen over natta. I tillegg var dei tappa på plastflasker som ikkje ville sprekke når vinen utvida seg.

Ei flaske av kvar vin blei lagd i frysaren over helga, mens ei referanseflaske fekk stå i vinskabet. Den frosne vinen fekk tine

heilt opp til same temperatur som vinen i vinskabet før både forsøksvin og referansevin blei serverte blindt i ein såkalla triangeltest til fire erfarne smakarar.

Her blei vinane serverte blindt i tre gonger tre glas, der kvar rekkje med tre glas inneheldt to av den eine vinen og eitt av den andre. Oppgåva smakarane fekk, var å plukke ut det eine glaslet av dei tre som skilde seg ut på ein eller annan måte.

Fleirtalet klarte å plukke ut riktig vin berre halvparten av gongene. I serien med raudvin viste resultatet at smakarane ikkje klarte å skilje ut den frosne vinen. For kvitvin viser resultatet ein tendens til at det er merkbare skilnader, men ikkje tydelege nok til at smakarane klarte å skilje frosen og ikkje frosen vin frå kvarandre alle tre gongene.

I dette forsøket blei den frosne vinen smakt saman med den som ikkje hadde

vore frosen. Likevel var det vanskeleg å kjenne skilnad på dei. Sannsynlegvis er det endå vanskelegare å kjenne om ein vin har endra seg, dersom ein smaker han for seg sjølv.

Nokre av smakarane meinte at vinen som hadde vore frosen, hadde ei tydelegare fruktigheit som verka litt meir moden. Tross i utfelling av syre verka ikkje vinen merkbart mindre syrleg.



## Konklusjon:

Du vil sannsynlegvis ikkje kjenne om ein ung og fruktig vin har vore frosen, men det er mogleg at andre vinstilar kan bli påverka i større grad.

# Superkule frysefakta

I is formar vassmolekyla eit sekskanta mønster, som lag av høsenetting. Iskrystallar i flytande vatn blir berre danna der det finst såkalla nukleasjonspunkt, små ureinskarar. Dette er litt som boblene i champagne, som blir til der det er små ujamnheiter i champagneglaset.

Destillert vatn i ein heilt rein behaldar har ingen nukleasjonspunkt og kan kjølast ned til langt under normalt frysepunkt utan å fryse til is – såkalla superkjølt eller underkjølt vatn.

Vatn med ei oppløysing av sukker og spesielt salt får lågare frysepunkt enn reint vatn.

Frysing reduserer all biologisk og kjemisk aktivitet som fører til at matvarer blir øydelagde. Samtidig kan frysing endre teksturen, smaken og utsjånaden til maten.

Frysing ved hjelp av trykkending er ein kostbar, men god metode som kan brukast for spesielt verdifulle matvarer. Auka trykk gir superkjølt mat. Når trykket blir fjerna, fryser

maten så raskt at han ikkje rekk å danne krystallar, men blir som glas.

Mange plantar, insekt og bakteriar har protein i blod, vev og organ som forhindrar at dei fryser. Også fisk i kalde område har slike protein, og desse kan brukast for å forhindre at det blir danna store iskrystallar under produksjon av iskrem.

Svært rask nedfrysing av mat bevarer kvaliteten best. Derfor er det lurt å dele maten i tynne skiver eller porsjonspakningar ( gjerne forseгла i sous vide-posar).

Når temperaturen er låg nok, får væska i cellene ei glasaktig form, utan krystallar. Dette krev mellom 20 og 80 minusgrader, avhengig av matvara.

Når maten er frosen, kan han lagrast i ein frysar, ideelt ved rundt 60 minusgrader. Oksidering av feitt held fram sjølv ved svært låge temperaturar og gir etter kvart ein harsk «fryseboks-smak».

Iskrystallane veks i storleik under langvarig frysing. Krystallar mellom cellene øydelegg strukturen til maten og gjer at han tørkar ut. Han mistar òg meir væske når han blir tint.

Strukturen i maten blir best bevart dersom maten blir tint raskt, ved låg temperatur – til dømes i kaldt vatn (i tett emballasje). Alternativt bør ikkje maten tinast i det heile, men varmebehandlast frå frosen tilstand.

Å smelte is og fordampe vatn krev energi, og denne energien blir henta frå omgivnadene. Derfor kan du kjøle ned ei flaske i ei bøtte med isvatn. Salt får isen til å smelte raskare. Rullar du eit vått avis-papir eller eit vått handkle rundt ei flaske, blir ho kjølt ned når vatnet fordampar.

*Kjelde: Modernist Cuisine  
– The Art and Science of  
Cooking, 2011*

# Den nye istida

Is er meir enn berre frose vatn. Forma og kvaliteten på isen som duppar i glaset, betyr noko for opplevinga.

## Fysikk i glaset

Isen kjøler ned drinken, men for at det skal skje, må isen smelte. Det vil seie at drinken blir vatna ut samtidig som han blir kjølt ned. Å bryte bindingane mellom vassmolekyla i is, slik at vatnet går over frå fast til flytande form, krev mykje energi. Denne energien kjem frå drinken som blir kaldare. Prosessen skjer på overflata av isen, det vil seie der drink og is møter kvarandre til utveksling av energi. Med naturfaget på plass er det lettare å forstå kvifor somme jazzar seg opp over isbitar.

## Problemet med moderne isbitar

Moderne isbitar blir laga av maskiner, mens is i gamle dagar blei hausta frå frosne tjern og vatn. Japanarane var visst heilt råe på isbitmaskiner på 1980-talet og utvikla teknologi som laga isbitar tre gonger raskare enn konkurrentane. Dei japanske maskinene laga sylin-

derforma isbitar med hòlrom, slik at overflata på isbitane blei større enn dei tradisjonelle massive isbitane. Vatn frys frå overflata og inn, derfor gir større flate raskare innfrysning. Denne typen isbitar blei den nye standarden. Problemet var berre at desse isbitane hadde bobler og smelta raskare, slik at drinken blei utvatna. Dessutan var dette isbitar mange kunne tappe frå eige kjøleskap eller få servert kvar som helst. Dei kule (sic) barane ville ha store, massive isbitar som ikkje vatna ut drinken, og isbitane skulle vere klingande glasklare. Folk skulle få noko i glaset som dei ikkje fekk kvar som helst.

## Eige rom til ismaskina

Det flottaste er sjølvsgt om isen er handkutta til ulike kubar og kuler som passar til dei ulike typane med glas og drinkar. Store isblokker blir kutta med motorsag og så til slutt med bandsag. Slik kan bargjestane

få isbitar som passar perfekt i glaset. I bransjen er isbitar eit teikn på om serveringsstaden tar kvalitet på alvor. Barar byggjer eigne rom for store isblokkmaskiner til hundre tusen kroner. I tillegg trengst arbeidsbenk, passande sager og verktøy for å handtere isblokkene, som veg 150 kilo og tar fire dagar å fryse inn.


## Is med ein vri

Kappløpet om å ha den stiligaste isen held fram. Somme bartenderar kan til dømes spikke isbitane til perfekte kuler framfor auga på måpande bargjestar. Andre satsar på isbitar med smak av frukt, krydder, røyk, fløyte eller blomar. Etter kvart som isen smeltar, vil smaken på drinken endre seg. Andre overraskar gjestane med blomar som er frosne inn i isbitane. Det neste blir kanskje istappar hausta frå frosne fossar? Kven vil vel ha kunstis når det finst vill-is?




# Lag din eigen handverksis

Her får du oppskrifta på heimelaga glasklar is som du kan kutte opp i passande bitar. Prosessen tar eit par-tre dagar.




1

Ta ein firkanta behaldar, som ein toliters isboks eller noko større. Det viktige er at behaldaren har minst 15 centimeter høge kantar og er open på toppen.



2


Fyll behaldaren med vanleg vatn, set han i frysaren og la han stå i to døgn utan lok. Poenget er at isen skal dannast på toppen av vatnet og nedover, slik at boblene blir danna heilt i botnen.



3



Snu boksen med isklumpen og la han skli ut. NB! Pass på at du gjer dette ein stad der eventuelt vatn som ikkje er frose, kan renne av.

Om det er vatn igjen, hakkar du varsamt bort den tynne iskanten.



4

Bruk ein kniv med sagtenner og sag eit spor på éin til to centimeter i heile lengderetninga på blokka. Bruk ein hammar og gi kniven eit lite kakk i sporet slik at isen deler seg.



5

Del opp i mindre og mindre bitar til du er fornøgd.

Dagens bartendere bruker mye tid på å analysere smak og aroma på de ulike bestanddelene, for så å komponere den komplette cocktailen. ▶

# AKEVITT- ALKYMI

**Akevittcocktails er en arena hvor to verdener kolliderer. Det litt trauste og tradisjonelle møter ungdommelig innovasjon. Trendsettende bartendere er nåtidens alkymister. De beskriver akevitt som «nordisk gin».**

TEKST: NICLAS LUNDMARK, VAREFAGLIG RÅDGIVER FOTO: STIAN BROCH

Cocktail hadde sin storhetstid i USA i perioden 1860–1915, og siden har populariteten gått i bølger. På 2000-tallet fikk cocktailen en renessanse, og en ny generasjon bartendere har mer eller mindre funnet opp kategorien på nytt. Miksing av drinker er blitt en kunst hvor klassiske cocktails plukkes fra hverandre og settes sammen igjen med en vri. Dagens mik-sologer bruker avanserte teknikker med fettvasking av brennevin, dehydrering, infusering og sferifikasjon – teknikker vi kjenner fra molekylær gastronomi. Disse bartenderne er nåtidens alkymister.

## Akevitt i drinker

Dagens bartendere bruker mye tid på å analysere smak og aroma på de ulike



Anders Bakke

bestanddelene, for så å komponere den komplette cocktailen. Hva kan så det erkenorske brennevinet akevitt bidra med i en cocktail?

– Akevitt er et takknemlig brennevin å jobbe med i drinker. Det er så mye å spille på, om det så er krydder, urter eller de forskjellige fattypene man bruker under lagring, sier Anders Bakke. Han er ekspeditør på Vinmonopolet på Skøyen i Oslo og en veteran på Oslos cocktailscene. Han var tidlig ute med å bruke akevitt i drinker på Bar Boca og den nyskapende baren Morgenstjerne. Han er opptatt av de klassiske, gode smakene, men også ekstremt nerdede når det gjelder drinker.

– Det store mangfoldet i akevittkategorien gjør at akevitt kan brukes til man-





## Kjølig mottagelse

En cocktail må avkjøles før den serveres. Her er tre måter å gjøre det på:

1

### Rørt/stirred cocktail.

Ha isbiter i et glass, hell ingrediensene i glasset, rør rundt i 20–30 sekunder, før du siler over i glasset du serverer cocktailen i.

2

### Ristet/shaken cocktail.

Ha isbiter i en cocktailshaker eller et norgesglass. Tilsett ingrediensene og rist hardt i 15–20 sekunder, før du siler over i glasset du serverer cocktailen i.

3

### Bygget/built cocktail.

Ha isbiter i et glass, tilsett ingrediensene, og server.

ge ulike drinker. Man må bare jobbe litt for å finne de riktige kombinasjonene av smaker, sier Anders.

### Fra livets vann til gull

Gin er kanskje bartenderens favorittbrennevin. Det er krydderne som skiller gin og akevitt. Mens gin skal ha tydelig preg av einebær, skal akevitten bære preg av dill og/eller karve. I tillegg brukes en rekke aromater i begge, her er det bare fantasien som setter grenser, og skillet mellom dem kan bli flytende.

Både karve og dill har distinkt aroma, og dette åpner for å lage bredspektrede krydderdestillater. Det er ikke uvanlig å bruke røtter som løvetann eller kvann for å underbygge det nesten jordlige preget i en karvepreget akevitt. Men det mest fascinerende er kanskje at du i destillat fra karve kan få både jordlige og dype aromaer og fine topptoner samtidig. Disse topptonene kan vi kjenne som noe friskt med blomster- og sitrusaromaer. Nettopp dette spennet fra

bass- til diskanttoner gjør akevitten til en spennende ingrediens i alt fra friske, sitrusbaserte drinker til tunge, aromatiske og bitre klassikere.

### Moderne akevittdrinker

Fjellbekk er trolig mange nordmenns første og eneste møte med en akevittcocktail. Den hadde sin storhetstid på høyfjellshotell på 70- og 80-tallet. I dag ser vi nye måter å bruke akevitt i drinker. Internasjonale bartendere har omfavnet akevitten for lenge siden. Kanskje ser de på den som en ny ingrediens uten å være forutinntatt av tradisjon slik vi nordmenn ofte er.

Opphevingen av produksjonsmonopolet har gjort mye for den norske akevitten, og et mangfold av aktører har revitalisert en litt nedstøvet brennevin-kategori. Produsentene går nå tilbake til tinkturene, urteuttrekket, for å finne det unike og særnorske uttrykket.

I et trendbilde med nordisk kjøkken, nordisk design og sanking av ville

vekster, passer akevitten godt inn. Aldri har det vært morsommere å være interessert i akevitt enn akkurat nå!

### Ulike smaksprofiler

Akevitt har en spennende krydderprofil, men den tar en god del plass. Det handler egentlig om å finne noter i akevitten som andre ingredienser kan spille på lag med. Vaniljearomaene i en fatlagret akevitt er flotte å bygge på i friske drinker. De tilfører dybde i en akevitt sour for eksempel.

– En av mine favoritter er The Mullet Burden, sier Anders Bakke. Dette var rett og slett en variant av Fjellbekk eller kanskje heller en Tom Collins. Akevitt er kanskje norsk, men destillatet smaksettes ofte med kryddere som ikke er norske. Vi ønsket å gi den et tiki-preg med tropiske ingredienser samt litt mer fat og frukt som ikke akevitten kunne gi alene uten at det ble for mye akevitt rett og slett. I denne drinken kjører akevitten i tospann med en lys, fruktig VSOP cognac. ●

## The Mullet Burden

2 cl fatlagret akevitt

2 cl VSOP cognac

2 cl ananas- og kardemommesirup

3 cl sitronsaft

2 dæsjer aromatisk bitter  
sodavann

3–4 knuste kardemommefrø ristes i tørr panne på høy varme. Deretter tilsettes 1 dl fersk ananasjuice og 1 dl hvitt sukker i pannen. Varm opp til sukkeret har smeltet, men uten å koke blandingen. Avkjøl og sil av.

Ha alle ingrediensene i en cocktailshaker. Tilsett isbiter og rist hardt i 5–8 sekunder. Sil over i et longdrinkglass med is, og topp med sodavann. Rør varmt med en lang skje.

## Moonwalk The Foxtrot

1 cl fatlagret akevitt

2 cl tørr madeira

2 cl fransk hvit vermut

1 ts fruktig og blomsterpreget urtelikør

2 dæsjer appelsinbitter

1 tepose med Ras El Hanout  
(nordafrikansk krydderblanding)

Dette er først og fremst en sterkvinscocktail hvor akevitten blir brukt som base, men som en såkalt «modifier», altså som et slags krydderelement.

Dette er en rørt drink. Det vil si at alle ingredienser bortsett fra krydder-teposen tilsettes et kaldt røreglass, som så tilsettes is. Deretter røres hele blandingen i ca. 25–30 sekunder før den siles over i et kaldt cocktailglass. Tilsett så teposen med krydder, og server. Moonwalk The Foxtrot er for øvrig et sitat fra en Spice Girls-låt.



## Klassiske drinker du kan bruke akevitt

### Blank akevitt

Blanke akevitter med preg av karve og sitrus kan benyttes som erstatning der vodka og gin er basebrennevin.

GT/AT – akevitt og tonic

•

Moscow mule

•

Tom Collins

•

Negroni

•

Gimlet

•

Dry martini

### Fatlagret akevitt

Akevitt kan lagres på ulike typer fat og med ulik lengde på fatmodningen. Fatmodningen vil gi aromaer av vanilje, tørket frukt og krydder. Disse akevittene kan benyttes som erstatning hvor cognac eller whisky er basebrennevin.


Old fashioned

•

Manhattan

•

Whisky sour



# ØL

# OG MAT

**TEKST:**  
ANNE ENGGRAV,  
FAGANSVARLIG MAT OG DRIKKE

**FOTO:**  
TOMMY ANDRESEN

**KOKK/OPPSKRIFTER:**  
ANDREAS INGUL





## Aromaknagger og tommelfingerregler kan hjelpe deg i å finne gode bruksområder for humlepregede, maltpregede og gjæringspregede øl.

En gang i tiden var valget gjort når du svarte på om du ville ha øl eller vin til maten. Nå er det bare begynnelsen på en rekke av oppfølgingsspørsmål. Det kan få selv en garvet ølhund til å bli svimmel. Målet vårt er å forenkle og kategorisere slik at det blir lettere å finne fram til ølstiler som passer for deg og maten du skal spise. Vi zoomer ut for å se de store linjene.

### All mat kan deles inn i fire grupper

Det meste av drikke fungerer fint til maten så lenge du liker det du skal spise og drikke. Noen kombinasjoner er likevel bedre enn andre. Erfaringer vi har gjort oss, viser at det er mulig å fargekode maten vi spiser. Maten innenfor hver fargekode kan smake forskjellig, men hovedpreget er ganske likt, og det vil være avgjørende for drikkevalget.

**Grønn mat** er preget av ferske eller lite varmebehandlede råvarer som salat, urter og grønnsaker. Eksempler på grønn mat kan være salater, pasta med pesto, asparges eller ceviche.

I **gul mat** er hovedelementet meieriprodukter som smør og fløte, eller kokosmelk og varme krydderblandinger som karri, spisskummen eller safran. Torsk med sandefjordsmør, paella, hvit asparges med beurre blanc og de fleste oster er eksempler på slik mat.

**Brun mat** er en stor gruppe. Det er retter med tydelig stekeskorpe eller grillpreg og speket, lagret eller innkokt mat. Her er det metode mer enn råvare som setter preget på retten, men om råvare som nøtter eller sopp dominerer retten, havner den også i brun kategori. De fleste julerettene faller inn i denne gruppen.

**Rød mat** er mest preget av tomat og /eller chili. Pasta bolognaise, bacalao, kylling tandoori, chili con carne og pizza diavola er alle eksempler på rød mat.

En slik inndeling kan virke litt pussig til å begynne med, men etter hvert hører de aller fleste retter hjemme i en av disse gruppene. Noen retter har et ben i flere grupper, men det er gjerne et hovedelement som stikker seg ut. Det geniale med dette er at de samme drikkene som regel er gode til rettene i samme gruppe.

### Ølets abc

For å gjøre ølverdenen litt mer håndterbar må vi også her zoomer ut og dele alle øl inn tre grupper ut fra om ølstilen har mest preg av malt, humle eller gjæring.

